



Fagdag I 9. Klasse, barnehagen som arbeidsplass.

# Budsjett 2018

Økonomiplan 2018-2021

Rådmannen sitt framlegg





**Kaland barnehage**

## **Innhold**

<u>1.</u> Føreord .....	3
2.Akkumulert underskot og ROBEK: .....	3
3. Arbeid med budsjettet og tilpassingar i 2017. ....	3
4. Investeringar 2017.....	6
<u>5. Historikk 2008 - 2016.....</u>	<u>7</u>
6.Rådmannen sine kommentarer .....	8
7 Gjennomgang av dei ulike ansvarsområda: .....	10
8 Utvikling i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: .....	13
9 Gjeld og rentenivå: .....	13
10. Investeringar 2018 .....	14
10 Vurdering .....	17
12 Oppsummering .....	17
13 Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak.....	18

## 1.Føreord

Dette dokumentet er rådmannen sin gjennomgang av budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018 – 2021. Det inneheld rådmannen sine prioriteringar for 2018 og åra framover.

Framlegget til budsjett for 2018 er nøkternt. Dette nivået er eit minimum for å få til ei forsvarleg drift med aktiviteten kommunen har i dag. I 2017 har skatteinntektene hatt ei utvikling nesten på nivå med utviklinga i landet elles.

## 2.Akkumulert underskot og ROBEK:

Kommunen har frå 2015 hatt eit akkumulert underskot på ca. 8,2 millionar kr.

Dette vert nedbetalt i 2016 og 2017.

Det er lagt opp til fylgjande overskot i økonomiplanperioden:

2018	2018	2019	2020
Kr. 2.026.000	Kr. 377.000	Kr. 4.455.000	Kr.1.405.000.

## 3. Arbeid med budsjettet og tilpassingar i 2017.

I 2017 har rådmannen arbeidd vidare med prosjektet «Kutt i drifta med fokus på kvalitet.» Dette er eit innsparingsprosjekt som vart sett i gang i mai 2015. Bakgrunnen var den store svikten i skatteinntektene og aukande arbeidsløysa. Prosjektet er organisert gjennom rådmannsgruppa. Dei tillitsvalde er trekt inn frå første oppstart. Fylgjande ting vert vektlagt.

1. Ingen skal verta sagt opp
2. Alle stillingar som vert ledige skal vurderast i ei gruppe beståande av rådmannsgruppa, personalkonsulenten og to tillitsvalde. Aktuelle avdelingsleiar har og høve til å møte når stilling i deira avdeling skal vurderast.
3. Siktemålet er å ha ei balansert økonomisk drift med årlege rekneskapoverskot rundt 1,75 %.
4. Rådmannen legg opp til at underskotet for 2015, skal vera betalt ned innan 2019.


I 2016 har alle stillingar vorte vurdert av ei gruppe som består av:

- Rådmannsgruppa
- HTV Fagforbundet
- HTV Utdanningsforbundet/aktuell fagforeining
- Aktuell avdelingsleiar

Gruppa vurderer om stillinga skal lysast ut, stillast vakant eller opphøyra. I løpet av året har alle desse konklusjonane vore nytta i aktuelle saker. I vurderingane må ein heile tida ha som siktemål at arbeidssituasjonen ikkje skal bli så pressa på ein arbeidsplass at det igjen fører til slitasje og sjukemeldingar.

#### Antall ansatte og antall årsverk, 1. desember 2015

Kilde: PAI/KS, 2016




Fiugren er henta frå KS sin rapport «Arbeidsgivermonitor.» Utviklinga av tal tilsette viser at på slutten av 2015 var Austrheim kommune nede på om lag same tal tilsette som i 2013. Dette skuldast nok at det vart vurdert strengt kva stillingar som skal utlysast.

For 2016 er talet på tilsette 319 og 249 årsverk.

#### Sjukefråværet.

Viser: Alle aldersgrupper, 2. kvartal, Begge kjønn, Tapte dagsverk i prosent

	2013	2014	2015	2016	2017
AUSTRHEIM KOMMUNE	4,9	5,3	6,2	5,6	7,1
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	4,2	4,3	4,2	4,2	4,4
Kommunal forvaltning	6,9	7,1	7,1	6,9	7,1
Hele landet	5,1	5,2	5,1	5,1	5,2



Austrheim har i heile perioden hatt lågare sjukefråvære enn kommunar i landet generelt og kommunar i kommunegruppe 2. Vi ser at det var ein auke i 2014, sjukefråværet har gått ned att i 2015, men er ikkje på det nivået det var tidlegare i perioden. For 2017, andre kvartal ser vi ein sterk auke der vi no er likt med den kommunale forvaltning .

Det vert ei viktig oppgåve framover å halde auge med denne utviklinga .




Frå Syrisk aften i 2017.

#### 4. Investeringar 2017.

Figuren nedanfor viser utviklinga i Austrheim kommune si lånegjeld i % av brutto driftsinntekter samanlikna med ein del andre kommunar og heile landet. Tabellen viser åra 2011 -2016. Det går fram av tabellen at lånegjelda har auka mykje i 2015 og spesielt i 2016.

**Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter**

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
<b>1253 Osterøy</b>	48	45	44	48	60	63
<b>1256 Meland</b>	79	78	77	75	82	103
<b>1259 Øygarden</b>	66	61	52	54	53	53
<b>1260 Radøy</b>	56	55	57	57	55	57
<b>1263 Lindås</b>	56	59	67	70	71	72
<b>1264 Austrheim</b>	69	47	54	61	72	90
<b>1265 Fedje</b>	31	6	6	14	12	11
<b>1266 Masfjorden</b>	39	39	34	33	30	28
<b>EAK Landet</b>	54	53	55	57	60	61



## 5. Historikk 2008-2016. Økonomiske oversikter i heile 1000 kr.

Tabellen over viser utviklinga i rekneskapsmessig resultat for Austrheim.

Økonomiske oversikter Heile 1000 kr	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2 008
Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap
<b>Driftsinntekter</b>									
Brukerbetalinger	13 148	13 175	13 036	12 407	12 297	12 050	11 328	10 795	10 460
Andre salgs- og leieinntekter	16 095	16 345	14 607	14 213	13 436	12 870	12 176	11 665	11 001
Overføringer med krav til motytelse	35 678	36 479	37 238	41 005	39 919	37 164	44 413	40 391	37 551
<b>Rammetilskudd</b>	<b>79 722</b>	<b>73 373</b>	<b>70 529</b>	<b>68 234</b>	<b>65 401</b>	<b>61 407</b>	<b>39 020</b>	<b>39 676</b>	<b>32 676</b>
Andre statlige overføringer	13 550	8 200	6 480	2 073	1 511	1 683	4 005	4 831	4 376
Andre overføringer		100	100		3	11	15	8	5
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	<b>88 559</b>	<b>82 871</b>	<b>84 590</b>	<b>84 311</b>	<b>81 797</b>	<b>75 512</b>	<b>78 176</b>	<b>69 157</b>	<b>61 305</b>
Eiendomsskatt	12 585	12 585	12 608	12 608	11 354	12 949	12 814	13 279	7 429
Sum driftsinntekter	259 337	243 129	239 188	234 850	225 719	213 645	201 947	189 802	164 802
Driftsutgifter									
<b>Lønnsutgifter</b>	150 130	149 254	145 416	134 323	129 593	123 325	113 290	105 980	95 962
Sosiale utgifter	40 159	40 278	38 994	36 244	32 612	31 438	28 630	27 364	24 779
Lønn og Sos Kostnader	190 289	189 532	184 410	170 567	162 205	154 764	141 920	133 344	120 741
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	29 395	28 466	27 504	27 843	25 853	25 714	26 956	23 714	21 196
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	11 955	11 353	11 635	9 298	9 315	7 875	6 675	5 860	5 768
Overføringer	13 786	12 971	15 637	13 598	16 427	10 143	10 312	8 386	7 954
Avskrivninger	13 814	11 993	12 084	11 003	10 507	10 079	8 853	8 231	7 413
Fordelte utgifter	-124								
Sum driftsutgifter	259 116	254 314	251 270	232 310	224 307	208 575	194 716	179 536	163 072
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>221</b>	<b>-11 185</b>	<b>-12 082</b>	<b>2 541</b>	<b>1 413</b>	<b>5 069</b>	<b>7 231</b>	<b>10 267</b>	<b>1 730</b>
<b>Finansinntekter</b>									
Renteinntekter og utbytte	2 641	2 815	5 283	5 367	5 787	5 819	4 939	5 478	6 697
Mottatte avdrag på utlån	46	32	57	108	101	153	446	212	260
Sum eksterne finansinntekter	2 688	2 847	5 340	5 475	5 888	5 972	5 385	5 690	6 957
<b>Finansutgifter</b>									
Renteutgifter og låneomkostninger	4 172	4 555	5 067	4 689	5 085	5 727	3 748	4 275	7 719
Avdrag på lån	7 887	6 882	7 312	8 864	8 068	7 698	6 308	5 133	4 603
Utlån	25	22	77	75	118	152	103	481	253
Sum eksterne finansutgifter	12 084	11 460	12 456	13 628	13 271	13 577	10 159	9 889	12 575
Resultat eksterne finanstransaksjoner	<b>-9 397</b>	<b>-8 612</b>	<b>-7 116</b>	<b>-8 154</b>	<b>-7 382</b>	<b>-7 605</b>	<b>-4 774</b>	<b>-4 199</b>	<b>-5 619</b>
Motpost avskrivninger	13 814	11 993	12 084	11 003	10 507	10 079	8 853	8 231	7 413
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>4 639</b>	<b>-7 805</b>	<b>-7 114</b>	<b>5 391</b>	<b>4 537</b>	<b>7 544</b>	<b>11 310</b>	<b>14 299</b>	<b>3 525</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>									
Bruk av tidl. års regnsk.m.mindref.			12	5 895					
Bruk av disposisjonsfond		4 989	2 752	369	6 065	302	1 533	350	400
Bruk av bundne fond	966	1 335	2 074	647	998	768	1 805	458	1 219
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>966</b>	<b>6 324</b>	<b>4 838</b>	<b>6 910</b>	<b>7 063</b>	<b>1 069</b>	<b>3 908</b>	<b>808</b>	<b>1 628</b>
Overført til investeringsregnskapet		122	50	4 934	4 562	5 799	11 079	7 898	1 166
Dekning av tidligere års regnsk.m.merforbruk		5 140							
Avsatt til disposisjonsfond			12	5 904	134	2 588	3 543	4 300	1 792
Avsatt til bundne fond	1 148	1 506	2 802	1 451	1 009	226	596	2 340	2 195
Avsatt til likviditetsreserven									
Sum avsetninger	1 148	6 767	2 864	12 289	5 705	8 613	15 218	14 537	5 154
Regnskapsmessig mer/mindreforb	4 457	-8 248	-5 140	12	5 895	0	0	570	0

## 6. Rådmannen sine kommentarer.

Fylkesmannen har sendt ut eit orienteringsskriv til kommunane om statsbudsjettet for 2018. Skrivet ligg som vedlegg, her er rådmannen sine kommentarer til dei ulike punkta i skrivet.

### Skatteanslag

I skrivet frå Fylkesmannen står det at kommunane må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutviklinga. Rådmannen tilrår at skatteanslaget vert sett til 90 600 000 kr. for 2018.

### Frie inntekter

Nominelt aukar dei frie inntektene med 3,6 mrd. kr. Dette utgjer ein vekst på om lag 2,6%.

### Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet 2018

For 2017 vart det gitt eit tilskotet øyremerka for vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader. Bakgrunnen for tilskotet er auka arbeidsløyve.

Austrheim kommune fekk 1 542 000 kr.

For 2018 er det ikkje framlegg om noko løyving.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Austrheim kommune har dei siste åra styrka denne tenesta. Det er ikkje ytterlegare styrking i 2018 budsjettet. Austrheim kommune har fått 90 000 i prosjektmidlar for å styrka nærværet av helsesøstertenesta på AVS. Prosjektet vil bli avvikla i første delen av 2018 og bety ei mellombels styrking av helsetenesta inn mot ungdommane på AVS.

### Dagtilbod demente.

Austrheim kommune har hatt dagtilbod for demente som eit tilbod dei siste åra. Vi har fått øyremerka tilskot til føremålet. Desse midlane kan ikkje nyttast til lønn. Tiltaket held fram.

### Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar blei innlemma i rammetilskotet i 2017. I tillegg til priskompensasjonen frå 2017 til 2018, vil ytterlegare kr. 15 mill. bli fordelt i 2018. Totalt kr. 169,9 mill. vil bli fordelt med særskilt fordeling i 2018, med utgangspunkt i fordelinga av øyremerkte tilskotet i 2016.

### Tidleg innsats i barnehage og skule

Regjeringa gjer framlegg om å styrka arbeidet med tidleg innsats i barnehage og i skulen for å fanga opp utfordringar tidleg og følgja dei opp raskt. Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med denne satsinga i 2018. Halvdelen av desse midlane blir fordelte mellom kommunane etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Den andre halvdelen av midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

### Barnevern

Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Målsetjinga er at kommunane skal kunne ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Midlane blir fordelte mellom kommunane etter den samla kostnadsnøkkelen.

### Sjukeheimar og omsorgsbustader

I 2017 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimsplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2018 som i 2017.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring (2017 - 2020) i investeringstilskotet slik at det frå og med 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som aukar det samla talet på plassar i kommunen, det vil seie



ikkje tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar.  
Omlegginga blir med det gjennomført med 40 prosent verknad i 2018.

#### Ressurskrevjande tenester

Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1,157 mill. til kr. 1,235 mill. for netto utgifter i 2017. Det inneber ein auke på kr. 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2017 ( 2,4 prosent).

Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2018 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2017. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore. Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

#### Inntektssystemet i 2018

Noverande inntektssystem vert vidareført i 2018. Austrheim kommune får trekk i småkommunetilskotet med utgangspunkt i distriktindeksane for 2015.

Austrheim kommune har ein distriktsindeks på 73,3 som gjev 50 % trekk i småkommunetilskotet.

For 2018 vil Austrheim få eit skjønstilskot på 2.000.000 kr. Med utgangspunkt i situasjonen er det rimeleg at kommunen får tildelt ein ekstra million i tilskot for 2018 slik det vart gjort i 2017.

#### Kommunereform

Det er lagt opp til eigne ordningar i høve til dei kommunane som har gjort vedtak om å slå seg saman. Austrheim kommune vil halda fram med å vera eigen kommune og får såleis ingen slik kompensasjon.

#### Barnehage – foreldrebetaling

Regjeringa foreslår at maksimalprisen for ein barnehageplass vert sett til 2 910 kroner per måned fra 1. januar 2018. Maksimalprisen i 2017 er 2 730 kroner per måned. Den reelle og nominelle auken samanlikna med 2017 er berekna til henholdsvis 110 og 180 kroner. Den reelle auken er eit uttrykk for kor mykje prisen aukar utover vanleg prisjustering. Regjeringa viderefører det nasjonale kravet til redusert foreldrebetaling og ordninga med gratis kjernetid for tre-, fire- og femåringar i familiar med låg inntekt.



Glade barnehagebarn på fisketur

## 7 Gjennomgang av dei ulike ansvarsområda:

Når det gjeld ansvarsområder og tenester, vil talstrukturen på desse endrast frå 1.1 2018. Endringane på ansvarsområda er sett i parantes nedanfor.

I tillegg vil noke ansvarsområder bli delt opp i fleire ansvarsområder.

### **Ansvar 100 (1 000) - Rådmannen:**

Det er føreslege ei ramme på 16 998 000 kr. Det er ein auke på 198 000 kr. I ramma ligg kommunalsjef oppvekst frå 1.8. med 350 tusen kr. Denne skal delast med Fedje kommune. Valutgifter frå 2017 er tatt ut av ramma for 2018.

### **Ansvar 101 (1 100) – Politisk styring og kontrollorgan**

På dette ansvarsområdet er godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politikarar ført. I tillegg ligg budsjett for desse her:

- Ungdomsrådet
- Stønad til dei politiske partia
- Kontrollutvalet
- Frikjøp tillitsvalde
- Eldreråd
- Revisjon

Det er ikkje lagt inn noko vesentleg auke på avdelinga. Ramma er på 3 379 000 kr.

### **Ansvar 190 (1 900) Interne Serviceeiningar til fordeling**

Følgjande ligg i dette ansvarsområdet:

- Lærlingar
- Servicekontoret

Det er lagt inn ei ramme på 4 119 000 kr. Det er ein auke frå revidert budsjett II, 3 854 000 kr. Auken gjeld løn og lærlingar.

### **Ansvar 200 (2 000) – Administrasjon undervisning:**

Området femnar om utviklingsprosjekt for skulane og barnehagane, etterutdanningsprosjekt for lærarane, morsmålsopplæring og vaksenopplæring.

Driftsramma er redusert frå 1 758 000 til 1 661 000. I ramma for 2018 ligg også redusert statstilskot m.m.

### **Ansvar 201 – PPT (2 010) og barnevern ( 2020):**

Det er lagt opp til ein reduksjon i ramma frå 9 477 000 kr., revidert budsjett II, til 9 136 000 kr i 2018. Men i forhold til prognose i 2017 er det ein auke 175 000. Barnevernet er blitt styrka gjennom auke i budsjettjusteringar i 2017 og det vil ein halde fram med i 2018. Som det går fram av ovanfor er ansvarsområdet blitt delt i 2 ansvarsområder i 2018, PPT og barnevern.

**Ansvar 210 (2 100) – Årås skule/SFO:**

I 2017 har det vore eit stort positivt avvik på Årås skule. Det store positive avviket skuldast billegare arbeidskraft på løn (nyutdanna som har erstatta personer som har gått av). Det har også skuldast høgare bløyvingar på statstilskot etter budsjettet blei vedtatt. Vidare har det positive avviket skuldast overføringar frå andre kommuner når det gjeld barn som begynte etter at budsjettet vart vedtatt. I 2018 er det lagt inn ei ramme på 23 045 000 kr, som er ei lita nedgang frå revidert budsjett II i 2017.

**Ansvar 211 (2 110) – Kaland skule/SFO:**

Her er det lagt inn ei ramme på 13 324 000 kr. som er om lag det same som revidert budsjett II i 2017.

**Ansvar 220 (2200) – Austrheim Kystbarnehage:**

Ramma for Austrheim Kystbarnehage har auka mykje i forhold til revidert budsjett II 2017. Det er lagt inn ei ramme på 15 356 000 kr. Den store auken skuldast utviding av ei avdeling og fleire stillingar.

**Ansvar 221 (2210) – Kaland barnehage:**

Her vert det også ein relativ stor auke frå revidert budsjett II, 9 436 000 kr til 10 181 000 kr. Auken i ramma skuldast nedgang i brukerbetalingar, kompetanseheving og kjøp av utstyr.

**Ansvar 250 (4100) – Kulturskule**

Det er lagt inn ei ramme på 1 875 000 kr. Revidert budsjett II er 1 769 000 kr.

**Ansvar 251 (4000) – Bibliotek**

Ramma er på 1 647 000 kr. mot revidert budsjett II 1 548 000 kr.

**Ansvar 255 – Anna kultur (4300) Ungdomsklubb-tiltak barn og unge (4200)**

Som det går fram av ovanfor, vert ansvarsområdet delt i 2 ansvarsområder i 2018. Budsjetttramma er på 2 341 000 kr. som er ein vesentleg auke i forhold til revidert budsjett II 2017 på 2 000 000 kr. Auken skuldast kultur dagar og stønad til lag og organisasjonar.

**Ansvar 290 (3340) – Undervisnings- og arbeidssenter:**

Ramma er på 1 233 000 kr. som er ein liten auke i forhold til revidert budsjett II 2017.

**Ansvar 300 (3000) – Administrasjon helse- og sosial:**

Her er det ein relativ stor prosentvis auke. Ramma er på 1 151 000 kr medan revidert budsjett II 2017 er på 927 000 kr. Auken skuldast avsetning til fond startlån og tilskot m.m.

**Ansvar 301 (3100) – Helseavdelinga:**

Ramma som er lagt inn på 12 394 000 kr, er noke lågare enn revidert budsjett II 2017, som er på 12 971 000 kr. Dette skuldast i hovudsak at ein byggjer på prognosen 2017 som er lågare enn revidert budsjett II.

**Ansvar 302 (3200) – NAV/Sosiale tenester:**

Her er det ei ramme på 10 205 000 kr. Revidert budsjett II er på 10 800 000 kr. Dette skuldast i i hovudsak nedgang i introduksjonsstønad.

**Ansvar 330 (3300) – Nordliheimen**

Ramma er på 20 621 000 kr, medan revidert budsjett II er på 22 069 000 kr. Reduksjonen skuldast mellom anna ein post tenestekjøp frå andre institusjonar på 1,1 millioner kr frå revidert budsjett II som er vidareført som investering i 2018. Ein har ikkje brukt denne posten i 2017. I tillegg er løn budsjettert lågare i 2018 enn i revidert budsjett II 2017.

**Ansvar 331 (3310) – Kjøkken (herunder Vaskeri)**

Ramma er på 3 897 000 kr. Revidert budsjett II er på 3 660 000.

**Ansvar 332 (3320)– Heimeteneste I (Heimehjelp og Heimesjukepleie)**

Det er lagt inn ei ramme på 10 590 000 kr. Revidert budsjett II er på 10 833 000 kr. Dette skuldast at nokre utgifter går litt ned og nokre inntekter går litt opp.

**Ansvar 333 (3330) – Heimeteneste II (ulike tiltak PU-tenesta)**

Ramma er auka med nesten 900 000 kr. Frå kr. 8 783 000 til 9 644 000 kr. Årsaka er reduksjon i inntekter når det gjeld ressurskrevjande personer og heilårsverknad for nytt tiltak.

**Ansvar 500 (5000) – Plan, byggesak, miljø**

Ramma er her på 2 968 000 kr. Revidert budsjett II er 2 237 000 kr. Hovudårsaka til auken er reduserte gebyrinntekter.

**Ansvar 501 (5100) – Interkommunal landbruk/veterinær**

Dette ansvarsområdet er eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje og Radøy. Tildelt ramme er det same som revidert budsjett II 725 000 kr.

**Ansvar 600 – Tekniske tenester (6100) Vatn, avløp, renovasjon og feiing.  
(6200) Kommunale vegar og kaier  
(6300) Beredskap mot brann og andre ulykker**

Som ein kan sjå ovanfor vil ansvarsområdet bli delt i 3 ansvarsområder i 2018.

Det er ein auke i budsjettet på nesten 1,5 millioner kr. frå revidert budsjett II. Ramma for 2018 er på 751 000 kr mens revidert budsjett II er på – 739 000 kr. Auken skuldast tilbakeføring av stillingar frå investering og avsetning til vatn.

**Ansvar 604 (6400) – Bygg og anlegg**

Ramma er på 8 111 000. Revidert budsjett II er på 7 471 000 kr. Auken skuldast overføring stillingar frå investering m.m.

**Ansvar 605 (6500)– Reinhold**

Ansvarsområdet har ei ramme på 6 207 000, medan revidert budsjett II er på 5 823 000 kr. Auken gjeld i hovudsak løn.

**Ansvar 800 ( 8200) Tilleggsøyvingar – Rådmannen**

I 2018 er det som i 2017 lagt inn 100 000 kr. til avsetjing til næringsfond. Kommunen har revidert retningslinjene for næringsfond, men har dei siste åra ikkje hatt egne midlar til føremålet.

**Ansvar 801 (8000) – Tilleggsøyvingar formannskapet:**

**Formannskapet** si løyving står med ei ramme på 150 000 kr, Dette er 38 000 kr. lågare enn revidert budsjett II 2017.

**Ansvar 802 ( 8100) Tilleggsøyvingar - Kommunestyret**

**Kommunestyret** si løyving er på 150 000 kr. Revidert budsjett II er på 210 000 kr..

**Ansvar 803 (8200) Tilleggsøyvingar – Rådmann**

På dette ansvarsområdet er ført fleire større og mindre driftspostar. Postar som er registrert i 2018 er fylgjande:

Tiltak	Budsjettsum
Næringsforum	50 000
Kurs og velferdsmidlar	200 000
Diverse seniortiltak og arbeidsmiljøtiltak	100 000
Prosjekt rus/psyk	200 000
Arbeidsmiljøtiltak	100 000
Eigendel prosjektarbeid	50 000

### Ansvar 804 (8400) Tilleggløyvingar – Til ordførar sin disposisjon

Det er bevilga 50 000 kr til ordføraren.


### Ansvar 899 (8990) – Andre overordna utgifter og inntekter:

Det er vedteke eit årleg tilskot på kr. 200.000,- til Furuly eldrester som stønad til kapitalutgifter for dei siste fire husværa. 2013 var første året dette tilskotet vart ytt. Kompensasjonstilskotet til Sætre marka Burettslag vert ført her med 200 000. Premieavviket på KLP vert ført som ei inntekt i dette ansvarsområdet, mot ei utgift på art 15404.

## 8 Utvikling i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter:

Oppsummert viser rådmannen til tabellen på side 7, der utvikling i netto driftsresultat er synleggjort. Her er dette vist i eit diagram:

Oppstilt i eit diagram ser ein denne utvikling i netto driftsresultat 2008-2016



Som det går fram av denne figuren, har Austrheim kommune hatt relativt gode netto driftsresultat fram til 2014 då driftsresultatet blei neagativt med 3 % av brutto driftsinntekter. Også i 2015 viste driftsresultatet eit negativt tal med -3,2 %. Når det gjeld 2016, snudde netto driftsresultat positivt til 1,8 % av brutto driftsinntekter.

## 9 Gjeld og rentenivå:

Austrheim kommune har pr. 31.12.16 kr. 254 200 493,- i lån. Av desse er er kr. 30 231 085,- forvaltningslån .

Snittnivået på lånerenta i Kommunalbanken har på 2000-talet vore svært varierende:

2011 = 2,9%  
2013 = 2,2%  
2014 = 2,2%  
2015 = 1,55 %  
2016 = 1,55 %  
2017 = 1,55%

Norges Bank sine siste rentesignal tyder på at dagens rentenivå vil halda seg i framtida.

Både renteutgifter- og inntekter i økonomiplanen er etter dette basert på følgjande snittrentenivå:

2013: 3,75%  
 2014: 2,20%  
 2015: 2,00%  
 2016: 1,70%  
 2017: 1,70%  
 2018: 1,80 %

Kvar 0,5% auke utgjer om lag 1,0 mill. i endra renteutgifter. For 2018 er det budsjettert med ein rentesats på 1,8 %.

## 10. Investeringar 2018

Rådmannen legg fram fylgjande forslag til investeringar i 2017. Framlegget er nøktern.

Rådmannen sitt framlegg til investeringar 2017	Budsjett 2017
IKT - Austrheim kommune	150 000
Prosjekt felles IKT drift i regionen - investeringsdel	600 000
IKT – skular	150 000
Kartlegging	100 000
IKT/tavle-skulane	400 000
Brannstasjon, Utbetring	1000000
Lager Nordliheimen/hjelpemiddelsentralen	600 000
Nordliheimen tryggleiksalarm	1000000
VVA	3 000 000
Oppgradering Kaland skole	2 000 000
Oppgradering Kaland Barnehage	3 000 000
Oppgr. Årås sk.	500 000
Nye omsorgsbustader/Ks-92/14	3 000 000
Opprusting kommunehus/senter	150 000
Byggutbetring	500 000
Asfaltering	500 000
Trafikksikring etter plan	500 000
Scanning eigeomsarkiv/IKTNH	600 000
Investeringstilskot Austrheim sokneråd	400 000
Startlån	500 000
Sum investeringar	18 650 000

Finansiering av investeringane

	Sum
Overført frå drift - Investering Soknerådet	300 000 kr
Overført frå drift – netto avdrag på utlån	
Ordinært låneopptak i 2018	18 350 000 kr
Sum	

## **Kort gjennomgang av investeringane.**

### **IKT**

- Der lagt inn 150 000 til generell IKT-investering i kommunen
- Det er lagt inn kr. 600.000,- til investering gjennom IKT- Nordhordland.
- Skulane treng årlege IKT-investeringar, og det vert øyremerkt 150 000 av den årlege IKT-løyvinga til dette føremålet. Pengane vert nytta til elevmaskiner/klassesett med datamaskiner
- Det vert lagt inn 400 000 som skulane kan nytta til innkjøp av interaktive tavler. I økonomiplanen er det sett av same beløp i 2018.

### **Kart**

- 100 000 er sett opp til diverse innkjøp av kart og dataprogram for plan, oppmåling og byggsak.

### **Brannstasjon**

- Arbeidstilsynet har kome med merknader til brannstasjonen i Mastrevik som vil gje behov for fleire millioner

### **Utbygging Nordliheimen**

- Nordliheimen får 300 000 kr. til å setja opp lager for ein del av det som i dag ligg lagra i Kanserdalen. I tillegg er det behov for lager til hjelpemiddel med kr. 300.000,-.

### **VVA**

- Det er sett av 3 millionar kr til VVA. I VVA-planen ligg det inne krav om utskifting av leidningsnett og avløpsstasjonar.

### **Vedlikehald skulane**

- Programmet for vedlikehald av skulane skal gå vidare
  - Det er sett opp med 2 millionar kr på Kaland. Midlane er tenkt å nytta til oppussing av garderobeanlegga, gymsal, hall og toalett.
  - Det er lagt inn 500 000 kr til vedlikehald på Årås skule. Dette er tenkt å nytta for utskifting av mellom anna golvbelegg. Ein del av belegga på skulen er 35 år gamle og er tunge å reinhalde. Etter at skulen er renovert utvendig, treng ein no å pussa opp skulen inne.

### **Kaland barnehage**

- I det er vedteke å bygge ny barnehage på Kaland. Kostnadene med dette vil bli omlag 65 mill. Kr. Første avsetjing til tiltaket er gjort i 2018 med kr. 3.000.000,- og resten av åra i økonomiplanen vil det bli sett av kr. 54.000.000,- til tiltaket.

### **Omsorgsbustadene Kaland**

- Reguleringsplanen for omsorgsbustadane på Vardeflaten er no godkjent og i 2018 er det sett av midler til å setje igang tiltaket. I økonomiplanen ligg det inne 3 millionar kr. i 2019, 2020 og 2021.  
Kommunen kan oppnå 45 % tilskot pr. bustadeining. Maks ramme pr eining er 3 060 000 kr. Tilskotet pr hus kan bli 1 377 000 kr.

### **Tekniske tenester**

- 500 000 kr vert sett av til generell byggutbetring
- 500 000 kr vert sett av til asfaltering av kommunale vegar
- 500 000 kr vert sett av til trafikksikring etter plan. Plan for trafikksikring vert vedtatt i vinter etter ei høyring.

### Investeringsstilskot soknerådet

- Det er lagt inn investeringsstilskot til Soknerådet med 400 000 kr. Dette skal mellom anna gå med til å dekkar renter og avdrag på lånet til utbygginga av Leirvåg gravplass

### Startlån

- Dette er ei ordning som kommunen administrerer på vegne av Husbanken. Ein søker Husbanken om midlar som ein så låner ut til unge husbyggjarar. Det vert sett av 500 000 til dette.



Lese i skogen. Kaland barnehage på tur.



## 10 Vurdering

### Kommunen har slikt mål for økonomien:

Me vil at:

- Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
- Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter. (Dette målet er seinare endra til 1,75 % av Departementet, red. merk.)
- Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.
- Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

### Dette vil me få til gjennom å:

- Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
- Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.
- Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.
- Halde budsjetttrammene frå 2015 – 17 på om lag på same nivå som for 2014.
- Ta høgd for moglege renteauke framover.
- Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.

I 2017 er det utarbeidd 2 tertialrapportar med budsjettjustering til formannskap og kommunestyre.

Dette er i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

## 12 Oppsummering

Framlegget til budsjett for 2018 tilseier at administrasjonen framleis må fokus på økonomistyring. Budsjettet er lagt fram med eit overskot på 2.026.000,-.

Den totale budsjetttramma for alle ansvarsområda i 2018 er auka med 2,8% % i høve til revidert budsjett for 2017.

### 13 Konklusjon – Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Budsjet 2018 – Økonomiplan 2018-2021, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei ein skilde åra:

Rammeområde	2018	2019	2020	2021
Ansvar				

2. Total ramme for 2018 til fordeling drift vert kr.192.266.000,- .

3. Nettorammene på dei ein skilde ansvarsområda vert fastsett til (alle tal er oppført i 1000-kroner):

Rammeområde	2018	2019	2020	2021
100 Rådman n	16998	17848	17698	17848
101 Politisk styring og kontroll-organ	3379	3379	3379	3379
190 Interne serviceeiningar til fordeling	4119	4119	4119	4119
200 Adm.undervisning	1661	1661	1661	1661
201 Barnevern/PPT	9136	9136	9136	9136
210 Årås skule	23045	23045	23045	23045
211 Kaland skule	13324	13324	13324	13324
220 Austrheim kystbarnehage	15356	15356	15356	15356
221 Kaland barnehage	10181	10181	10181	10181
250 Musikk og kulturskule	1875	1875	1875	1875
251 Bibliotek	1647	1647	1647	1647
255 Anna kultur	2341	2341	2341	2341
290 Undervisn./arbeids-senter	1233	1233	1233	1233
300 Adm. Helse/sosial	1151	1151	1151	1151
301 Helseteneste	12394	12394	12394	12394
302 Sosiale tenester	10205	8505	8505	8505
330 Nordliheimen	20621	20621	20621	20621
331 Kjøkken/vaskeri	3897	3897	3897	3897
332 Heimetenester I	10590	10590	10590	10590
333 Heimetenester II	9644	9644	8049	8049
500 Plan, byggesak, miljø	2968	2968	2968	2968
501 Interkomm.landbruk/veterinær	725	500	500	500
600 Tekniske tenester	751	751	751	751
604 Eigedomsavdeling	8111	8111	8111	8111
605 Reinholdsavdeling	6207	6207	6207	6207
800 Tilleggsøyvingar-Næring	100	100	100	100
801 Tilleggsøyvingar-Formanns	150	150	150	150
802 Tilleggsøyvingar-K.styret	150	150	150	150

803	Tilleggsøyvingar-Rådmann	700	700	700	700
804	Tilleggsøyving - Ordførar	50	50	50	50
899	Andre overordna utg./innt.	-2 619	- 2619	- 2 619	-2619
900	Momsrefusjonsordninga	0	0	0	0
	Overskot.	2026	377	4455	1405

4. Den totale investeringsramma for år 2018 vert sett til kr. 18 650 000,-

Som fylgjer:

Ansvar	Føremål	Investering:
99	IKT	1300000
99	Kartlegging	100000
99	Byggutbetring	500000
99	Asfaltering	500000
99	Trafikksikring	500000
99	Omsorgsbustader	3000000
99	Oppgradering Kaland skule	2000000
99	Årås skule	500000
99	Kaland barnehage	3000000
99	Nordliheimen,trykkl.alarm	1000000
99	Nordliheimen,lager/hjelpem.	300000
99	soknerådet	400000
99	Ny ambulansestasjon	3000000
99	VVA	3000000
99	Brannstasjon	1000000
99	Opprusting kommunehus/sent.	150000
99	Scanning eigned.arkiv/IKNH	600000

**Den totale investeringsramma for 2018 vert då kr. 18 650 000,-**

**Som vert finansiert som fylgjer:**

<b>Ordinært låneopptak:</b>	<b>18 350 000</b>

Vekta avdragstid på låneopptak for 2018 vert fastsett til 30 år

5. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 04.02.15.

6. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversiktar, med bakgrunn i gjevne driftsrammer. Rådmannen får fullmakt til å fordele inntekter og utgifter på dei nye ansvarsområda som gjeld frå 2018.

7. I medhald av eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d vert utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk og anna næring vidareført i 2018 med 7,0 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Taksvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret den 24.11.16 skal

gjelde for eidegdomsskatteåret 2018, jf. eidegdomsskatteiova § 10.

Utskriving av eidegdomsskatt for skatteåret 2018 er basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering, gjennomført i 2017, med seinare justeringar.

8. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2018.



Framtida representert med barn I Kaland barnehage

Austrheim 14.11.2017

Jan Olav Osen  
rådmann